




Foto: Leifard Foto AS



Velkommen til Kavelvegen kultursti

Trivselstur med berekraft frå kulturarven

Surnadal kommune har bygd Kavelvegen kultursti som eit eksempel på berekraftig og naturvennleg tilrettelegging på sårbar myr. Turstien har formidling og bevaring av lokalt tradisjonshandverk og freda kulturminne som utgangspunkt for innovasjon og universell utforming. På myrområdet får du oppleve ei gigantisk brulegging/klopping i ubehandla tre: Surnadalskloppa. Den flytande konstruksjonen er tilpassa rullestolbruk, men låner kunnskap frå arbeidet med å rekonstruere ei tolking av ein kavlvveg frå 1160-talet like ved. Den historiske rekonstruksjonen utgjør ein kortare del av tursti i tre som ikkje er egna for rullestol, men alle får komme tett på og sjå den.

Kavelvegen kultursti med kavlvegar og grusa tursti er på litt over 3 km. I midten ligg Lomtjønna og ei romsleg kvilebu med platting. Kvilebua er bygd etter lokal tradisjon, men er tilpassa rullestolbruk både ute og inne. Retningsskilt viser kortaste avstand til kvilebua.

Turstien har to startpunkt:

- Frå parkering ved museet på Åsen: Følg grusa tursti med tursløyfe kring myr, vidare opp til kvilebu og kavlvegar.
- Frå HC-parkering ved Galtmettet: Følg rullestolvennleg kavlvveg (Surnadalskloppa) over laftebru til tursløyfe kring myr, vidare til kvilebu.

Symbol på kartet viser dei ulike delane av turstien.

Frede kulturminne (1160)

Kavelvegen kultursti har både ide' og namn frå eit intakt arkeologisk funn i dette myrområdet - ein 800m lang kavlvveg i kløyvde trestokkar, der yngste stокk er datert 1160. Konserveringsforhold i myr gjer at ubehandla tre blir godt bevart. Kan dette overførast til moderne turstiar?

Historisk rekonstruksjon (2019 – 2023)

Basert på arkeologiske undersøkingar og tolking av verktøyspor har tradisjonshandverkarar frå Nordmørsmusea gjenskapt om lag 200m av den freda kavelvegen for hand. Denne er ikkje egna for rullestol. Kanskje arkeologar studerer desse øksespora om tusen år?

Innovasjon – Surnadalskloppa (2021 – 2023)

Basert på konstruksjonsprinsippa frå den historiske kavelvegen er det utvikla ei industrialisert nyskaping i form av rullestolvennleg kavlvveg i ubehandla tre. Dette er eit fleksibelt byggesett frå sag. Montering skjer utan bruk av spikar, noko som gjer det enkelt å skifte ut stokkar. Det er lagt nesten 1000m av Surnadalskloppa i tursti og møteplassar.

Konsept: Byggleiar Torgeir Leivdal/Nordmørsmusea
Leverandør: Bøfjorden Sag AS.

Vi håpar Kavelvegen kultursti med skånsam og inkluderande tilrettelegging vil inspirere andre! God tur – finn fred i kropp og sjel.



- Det er bålforbod i utmark frå 15. april til 15. september. Gjeld også eingongsgrill.

- Båndtvang 1. april til 31. oktober. Bruk hundepose!

- Unngå å trække i myra.
- Sykklistar må vike for andre.
- Hjelp oss å halde naturen rein: Ta med ditt eige søppel tilbake.

Historisk rekonstruksjon av den freda kavelvegen

Kontaktinformasjon Kavelvegen kultursti

Surnadal kommune er tilretteleggar og driftsansvarleg for Kavelvegen kultursti. All ferdsel i friluftslivsområdet skjer på eige ansvar. Ta kontakt med kommunen dersom du oppdagar skade, har spørsmål eller ønsker arrangement på Kavelvegen kultursti. Telefon: 716 55 800

Nordmørsmusea er forvaltar av kulturminne på turstiområdet. Ta kontakt med Nordmørsmusea for gruppeomvisning. Telefon: 715 87 000


Kontaktpersonar:

Prosjekteigar: Kulturleiar Lilli Husby, Surnadal kommune. Prosjektleiar: Anne Lise With Vullum, Surnadal kommune
Byggleiar tradisjonshandverk og Surnadalskloppa: Torgeir Leivdal, Nordmørsmusea avd. Husasotra

- ☒ Rasteplass/kvilebu Lomtjønna
- ☐ ☒ Parkering for rullestol
- ☐ ☒ Parkering for gående
- ☐ ☒ Handicapvennlig
- ☐ ☒ Uegna for rullestol
- ☐ ☒ Motorisert køyretøy forbudt
- ☐ ☒ Sykkel skal ha låg fart og vike

- ☐ ☒ Sykkel forbudt
- ☐ ☒ Møteplass
- ☐ ☒ Freda kulturminne (1160)
- ☐ ☒ Historisk rekonstruksjon
- ☐ ☒ Surnadalskloppa*

*Sjå eiga forklaring i teksta oppe til høgre



Ta en fotografisk huskelapp!